

Normund Rolleiv Svoen

Dykkar ref:

Vår ref:
2020/2922 - 17400/2020

Sakshandsamar:
Børge Tvedt

Dato:
08.04.2020

Informasjon til PKO og fastelegar om tilbodet i Psykisk helsevern under Covid-19

Helsedirektoratet har i samband med Covid-19 gitt følgjande rettleiing i [notat om prioritering](#).

«Psykisk helsevern (PHV) og tverrfaglig spesialist rusbehandling (TSB): Det polikliniske tjenestetilbudet og dagbehandling bør opprettholdes ut fra en samlet faglig vurdering av risiko, smittevern hensyn og kapasitet. Det bør som hovedregel benyttes telefonkonsultasjon eller videomøter. Oppmøtekonsultasjoner må begrenses til kun der det er behov for å ivareta liv og helse. For pasienter med alvorlig psykisk lidelse og ruslidelse bør det legges til rette for ambulant oppfølging ved for eksempel ACT/FACT team. Planlagte døgninnleggelse innen PHV og TSB kan gjennomføres der det er etablert forsvarlige smittevernrutiner, men bør avgrenses. Spesialisthelsetjenesten må samarbeide med kommunen ved utskrivelse fra døgnopphold og ha en økt oppmerksomhet på faren for overdose eller suicid i tiden etter utskrivelse.»

I Helse Førde har vi på bakgrunn av desse prioriteringane, og siste signal frå regjeringa om at spesialisthelsetenesta skal tilnærme seg normal drift, følgjande tilnærming og status i drifta i Psykisk helsevern i Helse Førde:

- Døgnseksjonar har fortsatt noko redusert kapasitet med inntil 60 % belegg på døgnseksjonar for å ha mogelegheit til å handtere evt. Covid-19 smitte. Vi vurderer elektiv innlegging etter behov. Akutt døgn har og noko lågare belegg, men øyeblikkeleg hjelp går så langt mogeleg som normalt
- Det er framleis besøksrestriksjonar i døgnseksjonar

- Det er krevjande for pasientane våre å vere innlagt i døgnseksjonar med strengt smitteregime, ikkje kunne ha besøk, sterkt redusert aktivitets- og idrettstilbod, samt å ikkje kunne bevege seg fritt til butikkk m.m. Nokre pasientar skriv seg derfor truleg ut før dei elles ville gjort
- «Rask vurdering» fortsatt mogeleg ved alle poliklinikkar
- Tilvisingar vert vurdert fortløpande, korte ventetider
- Vi har fortsatt fokus på poliklinisk behandling via video og telefon. Alle behandlarar i Psyksisk Helsevern og TSB har no fått eige videorom i Join som kan nyttast ved at pasient koplar seg opp via www.helsenorge.no. Og ny løysing på video for samarbeidsmøte i tillegg til ordinær løysing i Norsk Helsenett
- Vi vil gradvis vurdere å opne for noko meir poliklinisk behandling i lokala på DPS etter påske, men fortsatt strengt smittevernregime. Dette vurderast fortløpande i samarbeid med smittevern. Dersom det etter medisinskfagleg vurdering er behov for oppmøte i poliklinikk, tilbyr vi dette.
- Vi viser elles til at det er viktig at kommunane følgjer opp [retteleiar frå Helsedirektoratet om kommunale tilbod til personar med rus.- og psykiske lidingar i samband med Covid-19.](#)
- Vi følgjer fortløpande opp evt. endringar i [notat om prioritering frå Helsedirektoratet.](#)

Vennleg helsing

Børge Tvedt
Direktør

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng inga signatur

Kopi til:

Trond Fjetland Aarre
Svein Ove Alisøy
Arve Varden
Trine Hunskår Vingsnes
Øyvind Helge Myrmel
Toril Taklo